

Den nye norske byen

Ein ny type norsk by er i ferd med å vekse fram. Der er kjøpesentret, ikkje rådhuset eller torget, det naturlege sentrum. Taparen er lokal-demokratiet.



RONNY SPAANS
opplagsdagstid.no
Kommentar

Den nye norske byen såg eg i sumar i Steinkjer. Turistinformasjon er lagt midt i kjøpesentersamlinga utanfor bykjernen. Det same gjeld den nye badestranda. Ho lág i same området, rett nedanfor Esso bensinstasjon.

Synet viser to fenomen i norsk byutvikling. For det fyrste den generelle utviklinga i norske bygdebyar og byar. Kombinasjonen av konsum og massebilisme øydelegg dei tradisjonelle bykjernane. Handelen flytter ut av bykjernen til kjøpesentra i trafikknutepunkt utanfor bykjernen.

For det andre viser situasjonen i Steinkjer til eit oppsiktsvekkjande skifte: Når slike ikkje-kommersielle element blir lagde i kjøpesentrområdet og ikkje i det tradisjonelle sentrumet, er det ikkje lenger berre tale om utarming av den tradisjonelle bykjernen, men etablering av ein ny bykjerne. Bysentrum og kjøpesenter byter plass. Gågate, rådhus og park blir utkant, medan kjøpesenterterkanten blir sentrum.

KJØPESENTERBYANE

Denne utviklinga er alt gjennomført i eit par byar eg har vitja på arkitektureisene mine for denne avisa. Kjem du med motorvegen inn til Sandvika i Bærum, er det ikkje Sandvika, men skiltet til Sandvika Storsenter som slår imot deg. Der er det nye kulturhuset lagt rett ved Thons shoppingssenter og ikkje ved Magnus Poulssons landskjende rådhus.

I Alta er det lite liv i dei gamle sentra, Bossekop og Elvebakken, medan det nye sentrumet, som byrja med kjøpesentertablering på ei aud myr utanfor desse to sentra, «Alta City», er det urbane sentrumet i dag. Her er nemleg offentlege institusjonar og tilbod medvite vorne lagde til kjøpesenterterkanten: gågate, symjehall med badeland og no sist ei kyrkje: Nordlyskatedralen.

Konklusjonen er klar: Alta, Sandvika og Steinkjer viser oss den framtidige norske byen. Ei samling store hallar, omringa av enorme parkeringsplassar. Alt er sjølvsagt tilrettelagt for ein spesiell trafikkant: bilisten.

Vi feirar 200-årsjubileet til Grunnlova i år, og eg spør: Er denne moderne bymodellen gunstig for heile mennesket? Finst det ein bymodell som betre støttar demokratiet og rettane til borgarar enn andre modellar?

KVA ER EIN BY?

Det at offentleg og privat planlegging legg til rette for et mangfald av funksjonar og opplevingar i ein by, kallar vi byplanlegging. Då må ein spørja kva ein vellukka by er. Eg vil her gå inn på to særdrag: såkalla siktlinjer mot fondmøt og byidentitet.

Eg vil fyrst til Bodø. Bodø vart bomba under krigen, og den atterreiste byen fekk noko som i grunnen er eit sjeldsyn i Noreg: ein heilskapleg byplan. Leiar for «Brente Steders Regulering», Sverre Pedersen, teikna ein klassisk by med akseforma orden, opne byrom og siktliner mot såkalla fondmøt: kjende fjellformasjonar, som Bøirvasstindann, i akse med sentrale offentlege bygg som jarnbanestasjonen, domkyrkja og rådhuset.

Det er som mange veit, i dag store endringar på gang i Bodø Kulturhus, tilbygg til rådhuset og hotell ved kaia er under bygging. Felles for mange av desse bygningane er at dei er over-

han ofte til gjennom hundreåra, der kontakten mellom byggestil, næringsgrunnlag og topografi påverkar kvarandre. Men han kan òg bli til på kort tid. Ved sida av Bodø er Ålesund eit godt døme.

Då Ålesund vart reist etter bybrannen i 1904, var arkitektane samde om å nytte jugendstilen som grunnlag. Ein meir vakker og livsfrisk stilart finst ikkje. Ein blir glad av å spasere i Ålesund; dei mange organiske og fargerike ornamenta på bygningane gjev deg livsappettitt – ulukka er likevel at Moa kjøpesenter utanfor bykjernen har tømt Ålesund for kraft og vitalitet.

Om byplanleggjaren bak Bodø baserte seg på ein sparsam etterkrigsstil, og ikkje jugendstil, og bygde opp byen i atterreisings-tida, då det var kort på pengar og materiale, forstod Pedersen likevel at byidentitet må ein ha. Husa kan ikkje vera nakne. Sjå atter på rådhuset. Skulpturar av havørn og starr kring bygningen høver godt med Bodø's identitet som havørnbyen. Men korleis ser det nye Bodø ut? Glatte, grå fasadar. Utan liv og identitet.

Skal ein skapa ein god by, må ein ha samanheng, og ein må ta med innbyggjarane på råd. Arkitekturar må spela på lag med miljø, topografi og historie. Ironien er at vi lever i eit overflodssamfunn, i motsetnad til sparetida Pedersen måtte seg etter, men vi har ikkje råd til bygningar med fargar og ornament.

«NO SKAL NOKO SKJE»

Noko av forklaringa ligg i det at det er trete band mellom politikarar og utbyggjarar i Noreg. Det skal mykje til for å gripe inn i det.

Mantraet i små norske bygdebyar er at «no skal noko skje», så ein får fart på innflytting og næringsutvikling. Difor tillèt norske kommunar overproposjionerte bygg, kjøpehallar og hotelltårn. Observasjonen eg har gjort gong på gong i arkitekturerne i denne avisa, er at innbyggjarane blir fort den veike parten når ein utbyggjar har ordet. Retirengjet er at byplanlegging må vike for tontespekulasjonane til private utbyggjarar.

«Norsk byplanlegging lida av demokratisk underskudd», var konklusjonen til NIBR-forskar Gro Sandkjær Hanssen, som dokumenterte på ei avhandling om stadutvikling i fjor.

– STRENGE REGLAR

Det finst jamvel politikarar som er viljuge til å overlevere all styring til utbyggjarar.

Eg har spurt Olav Thon om han ikke kunne tenke seg å kjøpe hele Sandvika. Det ville være enklere å forholde seg til én eier-

domsutvikler, uttala ordførar i Bærum Odd Reinsfelt til Dagens Næringsliv i 2007. Utsegna kom i samband med utvidinga av Thons Storsenter i byen.

Korleis er dei i andre land? I juni var eg i Nederland og tala med direktøren for Dutch Cycling Embassy. Aletta Koster, ei stifting som eksporterer den nederlandske sykkelmodellen til andre land. Koster er byplanleggjar av utdanning. Større kontrast til den norske situasjonen finn du ikkje. Dette fortalde ho meg:


– Shoppingssenter utanfor sentrum blir ikkje aksepterte, fordi dei kjem i direkte tevling med bykjernen. Veit du kva løyndomen er i Nederland? Den nederlandske daglegvarekjeda Albert Heijn får så å seia gratis tomt i bykjernen, men kjeda må føye seg etter strenge reglar. Og det fungerer – resten av butikkjedene kjem etter.

UNNATAKET

Ein skulle vente at dette var eit prinsipp i alle fall eit fåtal norske tettstader fylgde. Men nei. Eg har berre funne ein bygdeby som



I mange byar og tettstader møter du paviljongen. Den er stort sett ubruka. Utfordringa er å gjere denne ikkje-kommersielle bygninga ein ny funksjon i dag.



I Steinjer er turstinformasjonen og den nye badestranda lagde i kjøpesenterområdet, ikkje i det gamle bysentrum. Foto: Ronny Spaans

fører ein slik streng arkitekturpolitikk: Lom. I Lom tillet dei til dømes ikkje neonljøs, skiltinga skal vera skilting og ha den gudbrandsdalske tjørebrunleten. Dei tillet ikkje flate tak; husa i fjellbygda skal vera brune og ha saltak.

«Lom er ein tettstad der lokalpolitikarane ikkje har sove under møta i bygningsrådet, men har full kontroll på alt frå takvinklar til husfarge», sa kommunalminister Aslaug Haga i 2007. Ho la til at ho skunda seg gjennom norske tettstader, fordi dei er så stygge, men ho gjorde eit unntak for Lom.

Eg var i Lom i fjor. Der møtte eg Synnøve Sakura Heggem, sok-

nepresten i kommunen. Ho sette fingeren på kva som gjer at Lom tenkjer ulikt frå andre bygder:

– Eg arbeidde sju år som prest i Rena. Der var det debatt om eit falleferdig funkishus. Dersom ein sette det i stand, ville det vera ein ressurs for staden, for bygningen låg ved inngangen til Rena sentrum, men ein valde å rive det, så Rema 1000 fekk bygge der. Kommunen ville såleis vise at dei var ei bygd i vokster. Huff, at ein kan tenkje så gamaldags i dag.

I Lom tenkjer dei heilt annleis. Her er det tale om heilskapsimetrykket. Arkitektur, natur og ånd er tettvovne.

Lom har makta det som få andre norske tettstader greier:

Min otte er at lokaldemokratiet vil få dårlegare

kår i framtidige norske byar og bygdebyar. Det er

fordi arkitektur og menneskeleg utfalding heng

nøye saman.

å skapa stadiidentitet og stå imot presset frå utbyggjarar som tenkjer profittmaksimering og kjem dragsande med sjarmlause kjøpehallar, samansette av store, standardiserte byggeelement.

MØRK FRAMTID

Til sist handlar det om mennesket. Byar definerer oss like mykje som vi definerer byar. Bygningar dei lét seg ikkje stengje ute, i motsetning til annan kunst. Bygningane skaper byen og formår kvar dagen til dei som bur der. Den danske arkitekten Jan Gehl vektlegg at arkitektur er eit samspel mellom sosiologi, psykologi og byplanlegging.

Daglegvarekjedene styrer meir og meir liva våre, definerer oss som konsumantar, dei stimulerer sansane våre til jags etter det materielle. I ein by med siktliner mot kjende motiv i naturen og med siktliner mot viktige offentlege bygg og plassar – rådhuset, kyrkja, torget med park og paviljong – blir heile mennesket aktivert.

Vi stig fram, ikkje berre som forbrukarar, men og byborga-

rar og samfunnsdeltakarar. Det vil aldri ein kjøpesenterby med lange, sterile flater, som stengjer seg inne i sin eigen konsummentaltet og stengjer ute naturen, historia, kulturen og det menneskelege.

På slike asfaltørkenar er det ikkje mogeleg å ha idealistiske arrangement, for politiske parti å

halde stand eller halde talar. Det er min otte at lokaldemokratiet vil få dårlegarekår i framtidige norske byar og bygdebyar. Det er fordi arkitektur og menneskeleg utfalding heng nøye saman.

Kommentaren er ein omarbeidd versjon av eit føredrag som vart halde på Nordland Akademi for kunst og vitenskap i Melbu, 10. juli i år.

Dag og Tid treng lagerrom

Dag og Tid treng 30–50 kvadratmeter lagerplass i eller nær Oslo til langtidslagring av ymse arkiv. Rommet må vere tørt, trygt og låsbart, men ut over det har vi ikkje så mange krav.

Ta kontakt med kontorsjef Ola Relling på telefon 21 50 47 22 eller 92 62 14 53 – eller e-post ola@dagogtid.no – om du har noko som kan vere aktuelt.

DAG OG TID